

## MS Sunnhordland nærmar seg Leirvik

03.11.2016



MS Sunnhordland med følgjebåt.

**Når klokka er 18 i kveld, skal MS Sunnhordland etter planen leggja til kai i Leirvik. Då kan vi sei at båten er heime att. Det ser ut som om alt går etter planen, og akkurat no kl.16.58 melder Frode Sæbø som er i ute i båt at MS Sunnhordland er heilt sør i Langenuen utanfor Huglahammaren.**

MS Sunnhordland ligg no og ventar for å ta siste etappe inn til Leirvik kai. Det vert truleg ei stor folkemengd som møter den staselege båten, og vi er kjend med at fleire uskedelingar er blant dei. Uskedalen.no er sjølvst på plass.



MS Sunnhordland heilt sør i Langenuen.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Frode O. Sæbø